



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3763 - 17/7468

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
08.03.2017

## Løyve til etablering av avlaupsanlegg - gbnr 103/8 Fjellanger

**Administrativt vedtak. Saknr: 098/17**

**Tiltakshavar:** Trond Hogne Fjellanger  
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avlaupsanlegg for eigedomen gbnr 103/8. Det skal etablerast biologisk/kjemisk reinseanlegg der det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø, 280 meter ut frå land.

Det er gitt utsleppsløyve i administrativt vedtak saknr 349/16 datert 06.07.2016.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.03.2016 med supplerande opplysningar mottatt 14.04.2016, 30.08.2016, 21.02.2017 og 08.03.2017.

### Planstatus

Eigedomen er omfatta av Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid 1263-200810.

Tiltaket er plassert i område som er avsett til byggeområde for fritids- og turistføremål, FT1. I dette området er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før løyve til tiltak kan godkjennast, jf punkt 1.1 i føresegnene til planen. Tiltaket er også plassert i strid med byggjegrensa mot sjø som går fram av arealplankartet.

Området i sjø er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag der føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med planen på dette punktet, jf punkt 5.2 i føresegnene.

Det er gitt dispensasjon frå plankravet og byggjegrensa mot sjø i administrativt vedtak saknr 338/16 datert 05.07.2016.



### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Løyve frå anna styresmakt**

Bergen og Omland havnevesen har i vedtak datert 21.02.2017 gitt løyve til tiltaket etter havne- og farvasslova.

### **Plassering**

Plassering av avlaupsanlegget er vist i situasjonsplan mottatt 11.03.2016.

Plassering av utsleppsleidningen i sjø er vist i situasjonsplan datert 29.08.2016.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse og ansvarsrettar**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Det vert vist til ansvarsrettar og gjennomføringsplan mottatt 08.03.2017.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Fjellangervågen er del av det kartlagte friluftsområdet Lindåspollane – Lygra. Området er registrert som svært viktig. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med friluftinteressene eller andre forhold naturmangfaldslova skal ivareta.

## **VEDTAK**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg med avlaupsleidning på følgjande vilkår:

1. Avlaupsanlegget skal plasserast slik vist i situasjonsplan mottatt 11.03.2016 og utsleppsleidningen i sjø skal plasserast slik vist i situasjonsplan datert 29.08.2016, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyvet gitt i administrativt vedtak saknr 349/16 datert 06.07.2016.
3. Tiltaksklasse vert godkjend som omsøkt.
4. Før det vert gitt ferdigattest/mellombels bruksløyve skal følgjande liggja føre:
  - Dokumentasjon av avlaupsanlegget si plassering ved innmålingsdata eller utmål frå fast definerte punkt eller bygg
  - Serviceavtale om drift og vedlikehald av reinseanlegget.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

## **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 15/3763**

### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### *Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Trond Hogne Fjellanger

Fjellangersvingane 5955  
28

LINDÅS

**Mottakarar:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND